– Det vart stor diskusjon og høg temperatur rundt dette spørsmålet, og vi hadde også ein workshop der vi jobba med tekst. Forskarane meinte teksten måtte vere betre fagleg fundert, og løysinga i dette tilfellet var å lage tekstar på ulike nivå, for å nå ulike målgrupper. Ein del av tekstane vart integrerte i det estetiske uttrykket.


KD engasjerer seg meir

– Med denne boka har vi fått vere med på å definere kva eit universitetsmuseum skal vere. Gjennom å skrive om kva vi gjer, kan vi betre forstå kva musea er, seier redaktør Maurstad. Ho seier at det tidlegare var få politiske styringsdokument som fortalde kva universitetsmusea skulle gjere.

– Universitetsmusea har vore sjølvagte institusjonar.

Men i 2006 kom første NOU-en om universitetsmusea, *Kunnskap for fellesskapet*, og deretter følgde Kunnskapsdepartementet (KD) opp med stortingsmeldinga *Tingenes tale*.

– Det nye var at departementet tok til å engasjere seg og gav seg ei viktigare rolle når det gjeld styring, blant anna ved å opprette etatsstyringsmøte, der universitetsleiarane, eksterne styreleiarar og leiarane ved universitetsmusea er til stades. Det vart også politisk vilje til å etablere ei FoU-satsing spesielt for universitetsmusea. Denne boka er eit produkt av denne satsinga, seier Maurstad. ■



Kva er ein art? Forskarar og designarar ved NTNU Vitenskapsmuseet vart ueinige om teksten i arbeidet med utstillinga *Fra Noas ark til dobbel helix*. (Foto: Ole Morten Melgård)



FOTO: TOR STENSEN, TIDEN FORLAG

Ti bud til akademikere

■ Akademiske tekster må bli mer velskrevet, mener Vetle Lid Larssen ifølge uit.no.

– Hvorfor er dere så kjedelige, spurte forfatteren under et foredrag ved Universitetet i Tromsø. Han foreslo ti skriveeregler for akademikere:

1. Objektivitet er løgn.
2. Nøytralitet finnes ikke.
3. Les!
4. Les mer!
5. Kjøp Henrik Langelands *Fortellekunst*.
6. Sky gjentakelser som pesten.
7. Skyt fremmedordene.
8. Stol på din egen stemme. Finn din egen autoritet.
9. Spar det beste til slutt.
10. Humor kan brukes.



Undersøker arbeidsmiljøet

■ Universitets- og høyskolerådet (UHR) samarbeider med fagmiljøer for å utarbeide et opplegg for arbeidsmiljøkartlegging. Opplegget skal bistå institusjonene i sektoren med å gjennomføre arbeidsmiljø- og klimaundersøkelser, utvikle arbeidsmiljøet, samt bringe fram ny kunnskap gjennom forskning, opplyser UHR. NTNU er første institusjon til å bruke undersøkelsen, øvrige institusjoner vil kunne ta den i bruk fra våren 2013. Prosjektet har vært finansiert av SAK-midler.

Riksrevisjonen refser KD

■ – Kunnskapsdepartementet (KD) benytter i for liten grad virkemidlene det har til å koordinere forskningspolitikken, sa riksrevisor Jørgen Kosmo ved overleveringen av Riksrevisjonens rapport om departementets koordinering av forskningspolitikken til Stortinget. Departementet får også kritikk for ikke å inkludere det stadig mer kostbare EU-samarbeidet i budsjettdiskusjonene med andre departement, og for å la departementenes detaljstyring av Forskningsrådet forhindre en helhetlig forskningspolitikk.

NTNU på YouTube

■ Som første nordiske universitet legger NTNU ut forelesninger på YouTube EDU, nettstedets utdanningskanal, opplyser NRK. – Det ser ut til at mye av utdanninga vil skje på denne måten etter hvert. Vi ser det på store universiteter; de legger ut all undervisning. Etter hvert vil det kanskje bli mulig å avlegge eksamen på grunnlag av nettbasert undervisning. Den arenaen bør vi være på. Vi syns det er viktig å være med når toget går, sier Knut Veium, seksjonssjef ved NTNU. Til nå er 300 forelesninger lagt ut.

UiB roser FrP

■ Fremskrittspartiet får applaus fra rektor Sigmund Grønmo for å ville bevilge langt mer penger til Universitetet i Bergen enn regjeringen i sitt forslag til statsbudsjett. – Dette er et eksempel til etterfølgelse. Fremskrittspartiet fortjener stor honnør for sine forslag, sier Grønmo til Bergens Tidende. I budsjettet har FrP lagt inn 40 millioner kroner til oppussing av museumsbygningen på Nygårdshøyden. Selv om UiB har bedt om det dobbelte, er Grønmo fornøyd med forslaget om halvparten, ifølge BT.

Tellekantsystemet under lupen



■ Systemet som belønner forskningsproduksjon, skal evalueres, skriver Uniforum. Ifølge seniorrådgiver Sigrid Tollefsen ved Universitets- og høyskolerådet lyser prosjektet ut etter nyttår. Forsker Gunnar Sivertsen ved Nordisk institutt for studier av forskning, innovasjon og utdanning (NIFU) mener oppdraget bør gis til en utenlandsk institusjon. – Det bør egentlig evalueres av et fagmiljø utenfor Norge, siden alle forskningsinstitusjoner i Norge deltar i tellekantsystemet, sier han ifølge Uniforum.

Pedersen positiv til fusjon i nord

■ Under et besøk ved Høgskolen i Finnmark uttalte Aps nestleder Helga Pedersen at hun er for fusjonsplanene med Universitetet i Tromsø, ifølge hifm.no. – Jeg mener høyskolestyret har gjort et godt vedtak som sikrer et enda bedre utdanningstilbud til befolkningen i Finnmark, sa Pedersen. Selv om styrevedtaket var positivt når det gjelder fusjon, stilte styret flere krav til prosessen. Dette gjør at mer arbeid gjenstår før fusjonsplanene kan gå videre.



FOTO: STORTINGET.NO

Lærer mindre om etikk

■ Forskningsetikk blir stadig oftere utelatt i master- og forskerutdanningen, mener førsteamanuensis ved Psykologisk institutt ved Universitetet i Oslo, Ingela Lundin Kvalem. På grunn av tidspress velger studentene sjeldnere individuelle oppgaver. – De kobler seg på allerede ferdige problemstillinger, der alle tillatelser og forskningsetiske diskusjoner er tatt på forhånd. Selv får de lite føling med det forskningsetiske regelverket, sier Kvalem til forskning.no.

Eureka til Norge

■ Fra neste sommer overtar Norge formannskapet i den europeiske innovasjonsorganisasjonen Eureka, opplyser Forskningsrådet. Organisasjonen er et nettverk for innovasjon som skal styrke europeisk konkurranseevne ved å stimulere markedsorientert forskning og utvikling. Sammen med Europakommisjonen driver nettverket FoU-programmet *Eurostars* dedikert til forskningsutførende små og mellomstore bedrifter. Samlede bevilgninger vil utgjøre mer enn 50 millioner kroner per år.

Likestilling i praksis

■ Komité for kjønnsbalanse i forskning (Kif-komiteen) arrangerer kurs for dem som jobber med likestilling ved universiteter, høyskoler, forskningsinstitutter og andre institusjoner. Målet er at deltakerne skal få hjelp til å utvikle og forbedre det praktiske likestillingsarbeidet, øke egen kompetanse og bygge nettverk. Håpet er at man dermed kan oppnå bedre kjønnsbalanse og rekruttering ved egen institusjon. Kurset gjennomføres i september 2013 på Lésvos.



Kvalitet og kjønn i forskning

■ – Vi trenger økt kunnskap og gode konkrete eksempler på hvordan kjønnsperspektiver kan styrke kvaliteten i forskning, for eksempel innenfor klima, miljø og innovasjon, sier Lise Christensen i Forskningsrådet. Hun er prosjektleder for en arbeidsgruppe som skal jobbe med integrering av kjønnsperspektiver i forskning. Gruppen skal også gi forslag til hvordan tematikken kan behandles i Forskningsrådets nye policy for likestilling og kjønnsperspektiver i forskning som er under utarbeidelse.

FOTO: SPRÅKRÅDET.NO



Heder til dreven formidler

■ Høyskolelektor Erik Tunstad ved Høgskolen i Vestfold får Språkprisen 2012 for fremragende bokmål. Språkrådet gir prisen for fremragende bruk av norsk språk i sakprosa. Tunstad er biolog og har i mange år arbeidet med formidling av naturvitenskapelige emner. Juryen sier at vinneren «på forbilledlig vis lykkes i å formidle omfattende vitenskapstradisjoner til norsk offentlighet, i en form som kan engasjere også lesere uten naturvitenskapelig bakgrunn». Journalist Marta Norheim får prisen for sin nynorskbruk.



Slagstad sier opp i protest

■ Den profilerte samfunnsviteren og idéhistorikeren Rune Slagstad ved Høgskolen i Oslo og Akershus (HiOA) har sagt opp professorstillingen sin, skriver Aftenposten. Årsaken er uenighet om høgskolens universitetsambisjoner, samt en opphetet offentlig konflikt med kollega Nils Rune Langeland. Sistnevnte er professor ved Universitetet i Stavanger, men arbeider for tiden på HiOA. Ledelsen burde tatt tak i dette for å ivareta arbeidsmiljøet, mener Slagstad ifølge avisen.

Lekve til Nifu

■ Ved årsskiftet tiltre Kyrre Lekve som ny assisterende direktør ved NIFU. Tidligere har Lekve vært politisk rådgiver og statssekretær i Kunnskapsdepartementet, med ansvar for forskning og høyere utdanning. – Jeg gleder meg til å samarbeide med Lekve om den videre utviklingen av NIFU som den fremste leverandøren av forskning og kunnskapsgrunnlag for kunnskapspolitikken, sier direktør Sveinung Skule i en uttalelse. Lekve er dr.scient. fra Biologisk institutt ved Universitetet i Oslo.



FOTO: REGJERINGEN.NO



I same båt: Rektor Sveinung Eikeland ved Høgskolen i Finnmark (t.v.) og rektor Jarle Aarbakke ved Universitetet i Tromsø ved Altaelva, under besøk hjå ordføraren i Alta. Bak høgskoledirektør Pål Markusson (t.v.) og universitetsdirektør Lasse Lønnum. (Foto: Svein G. Jørstad / Finnmark Dagblad)



Toppane styrer

Rektorar som vil fusjonere, kan vere vanskelege å stoppe.
Tilsette har lite dei skal ha sagt.

Av: JOHANNE LANDSVERK



– Når vedtaket er gjort, får vi vere med og bestemme, men i forkant blir vi ikkje høyrd, seier Ellen Karoline Dahl ved Universitetet i Tromsø. (Foto: Johanne Landsverk)

– **FUSJONAR SOM DETTE** må vere toppstyrte. Vi prøver å involvere dei tilsette, men slike fusjonsprosessar må uansett finne stad på leiarnivå. Men for at fusjonen skal bli vellukka, må det vere stor grad av involvering og engasjement frå tilsette, seier Jarle Aarbakke, rektor ved Universitetet i Tromsø (UiT). Han har også tidlegare ivra for å slå saman institusjonane i nord til eitt rike. I desse dagar blir det avgjort om UiT skal «legge under seg» Høgskolen i Finnmark (HiF). Dei to rektorane ved HiF og UiT tok initiativ til fusjon og har køyrt fram prosessen i høgt tempo. Kva sjanse har dei tilsette hatt til å påverke prosessen?

– Dette er ein ekstrem «top-down»-styrt prosess, og HiF har ingen demokratiske organ å diskutere slike saker i. Tidlegare hadde vi eit fagråd, men det forsvann med den nye strukturen som vart innført ved HiF i 2012, fortel førstelektor Merethe Giertsen ved HiF. Ho er tilsettrepresentant i høgskolestyret ved HiF, og har tidlegare markert seg sterkt i fusjonssaka, blant anna fordi ho meiner prosessen går for fort fram.

– Leiinga ved HiF burde ha lagt til rette for at tilsette kunne kome med høyringsinnspel, og fagforeiningane skulle hatt betre tid til å drøfte saka, meiner ho.

– **Meiningane kjem ikkje fram**

Men kva med UiT, der dei har demokratiske organ både på fakultets- og instituttnivå?

– Tilsette ved UiT har ikkje hatt medverknad i spørsmålet om fusjon. Saka har vore til orientering i enkelte fakultetsstyre, men er elles berre drøfta på dekanmøte, seier hovudtillitsvald Ellen Karoline Dahl ved UiT.

– Arbeidsgjevar har ikkje undersøkt kva dei tilsette meiner. Berre organisasjonane er tekne med i prosessen, men på grunn av streiken i vår fekk vi veldig kort tid på oss. Like før saka skulle opp i styret, gjennomførte vi ei spørjeundersøking blant medlemmene i Forskerforbundet. Ho viste at 54 prosent av dei tilsette ikkje er klare for ein ny fusjon. Undersøkinga vart ikkje referert til på styremøtet då saka kom opp i oktober, men var berre lagd ved styrepapira. Meiningane frå organisasjonane burde ha kome betre fram, meiner Dahl.

– Men det har vore lite engasjement blant dei tilsette i saka?

– Ved institutta som blir ramma, har dei tilsette engasjert seg, men det er jo mange dette ikkje får konsekvensar for på kort sikt. Ein del kan også vere fusjonstrøytte etter å ha gjennomgått ein omfattande fusjon mellom universitetet og høgskolen i Tromsø.

Rektor Aarbakke meiner dei tilsette har fått god informasjon.

– Vi har diskutert dette kontinuerlig i dekanmøte, og vi har blant anna halde informasjonsmøte og ope møte for tilsette, seier han.

Fusjon trass i motstand

Fusjonsprosessen i nord er berre ein av svært mange dei siste åra. I 2011 vart Høgskolen i Oslo (HiO) og Høgskolen i Akershus (HiAk)

slått saman til éin institusjon etter omfattande diskusjonar og utgreiingar.

– Noko av det vanskelegaste var det høge tempoet i prosessen. Men vi kan ikkje seie at vi ikkje fekk vere med på å bestemme, for saka vart teken opp i alle organ. Likevel opplevde vi prosessen som udemokratisk, seier Vera Berg, tillitsvald i Forskerforbundet ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

Ho var tillitsvald ved HiO store delar av perioden då fusjonsdebatten stod på som verst.

– I dag gjer vi det beste ut av situasjonen, men det har vore stor strid ved HiO i denne saka. Dåverande rektor ved HiAk Jan Grund sa ope at det ikkje ville bli fusjon om dei tilsette var imot, og då var det frustrerende at prosessen likevel vart sett i gang. Forskerforbundet vart ståande aleine imot fusjon, medan dei andre organisasjonane var positive. Dette vart ganske håplaut, for det hjelpte lite at Forskerforbundet hadde flest medlemmer. Dei hadde like stor påverknad. Dermed var det også lett for rektor å setje i gang med prosessen.

– Eit maskeradespel

Benedichte Rappana Olsen var tilsettere representant for Forskerforbundet ved HiO då fusjonsspørsmålet kom opp i høgskolestyret. Ho er einig i at høgskolen tok godt hand om alle dei formelle sidene i saka.

– Men medverknad handlar om meir enn det reint formelle. Det handlar i første rekkje

– Fusjonar som dette må vere toppstyrte.

JARLE AARBAKKE, REKTOR VED UNIVERSITETET I TROMSØ

om å bli teken på alvor ved å vise respekt for argumenta til dei tilsette, meiner Olsen.

– Det var lagt opp til ein totrinnsraket, der første steget var å finne ut om vi skulle gå i forhandlingar med HiAk om fusjon. Det vart utarbeidd ein rapport som skulle liggje til grunn for om dei to høgskolane skulle gå vidare eller leggje ballen død. Ved HiAk sa dei eit klart ja, men ved HiO sa fleirtalet av dei tilsette nei, og det kom skarp kritikk av sjølve rapporten. Også fleire leiarar ved avdelingane var kritiske. Men likevel vart saka pressa gjennom. Det vart tidleg klart at det i styret var fleirtal for fusjon, og leiinga såg det ikkje som naudsynt å lytte til signala frå fagmiljøa og dei tilsette, seier ho.

Som venta sa styret ja til å gå vidare med fusjonsforhandlingar, og berre Olsen stemte imot.

– Deretter vart det sett i verk ei rekke utgreiingar, men representantane for dei tilsette var jamt over kritiske til fleire av utgreiingane. Det heile var frustrerende, slik maskeradespel oftast er, seier ho.

– Den demokratiske infrastrukturen ved høgskolen er slik at omgrepet «medbestem-

ming» meir og meir blir tømt for reelt innhald.

Skulle bli likeverdige

Også i dette tilfellet var det rektorane som tok initiativet og ivra for samanslåing.

– Tidlegare rektor ved HiAk var ein svært dyktig seljar, men han overselde prosjektet. Dei to høgskolane skulle bli likeverdige partnarar, men det er openbert at ein liten organisasjon må rette seg etter den store. I dag ligg all administrasjon i Oslo, dei fleste møta er haldne her, og dei tilsette ved tidlegare HiAk på Kjeller kjenner seg aleine. Dei søker seg til Oslo, og mange her i Oslo er livredde for å bli flytta til Kjeller, seier Vera Berg.

Eldbjørg Schön var lokal tillitsvald for Forskerforbundet då HiAk vart slått saman med HiO.

– Over 70 prosent av dei tilsette var for fusjon med HiO. Spørsmålet vart teke opp i alle organ, og på dette tidspunktet følte vi at dei tilsette hadde medverknad. Men alt gjekk frykteleg fort, seier Schön, som i dag er lokallagsleiar for Forskerforbundet ved HiOA.

Ho fortel at den demokratiske prosessen



– Alle formelle reglar vart følgde, men vi opplevde prosessen som udemokratisk, seier Vera Berg og Benedichte Rappana Olsen ved Høgskolen i Oslo og Akershus. (Foto: Erik Norrud)



– Det viktigaste i ein fusjonsprosess er å få nok tid, så alle fakta kjem på bordet, seier Marit Eriksen ved Høgskolen i Østfold. (Foto: Johanne Landsverk)

ikkje har vore berre enkel etter fusjonen.

– Vi opplever jo at vi blir informerte, men fagforeiningane kjem ofte litt for seint inn i prosessen i sentrale saker, noko vi stadig påpeikar. Vi merkar også i kvardagen at alt er blitt meir byråkratisk.

– Kjenner de på at de er veslebror til storebror i Oslo?

– Ja, vi gjer nok det. Erfaringa vår er at mykje av det som galdt ved tidlegare HiO, veg tyngst, sjølv om det ikkje alltid er slik. Dette handlar også om korleis prosjektet vart lagt fram for oss før fusjonen, då vi vart lova at dei to høgskolane skulle bli likeverdige.

Så kva seier tidlegare rektor Grund ved HiAk til dette i dag, han som uttalte at det ikkje ville bli fusjon om dei tilsette var imot?

– Det var jo eit valt styre som vedtok fusjonen. Elles er det ei leiaroppgåve å motivere dei tilsette, seier Grund.

– Men dei to institusjonane skulle bli likeverdige?

– Det var viktig å få vedteke ein intensjonsavtale om likeverd mellom dei to høgskolane. Så lenge eg var rektor, jobba eg hardt for å innfri intensjonsavtalen. Men eg forstår at det i praksis er vanskeleg å utforme ein klar strategi for korleis den minste studiestaden skal utviklast når fusjonen er blitt ein realitet.

Meiner tid er viktigast

Marit Eriksen, hovudtillitsvald i det lokale Forskerforbundet ved Høgskolen i Østfold (HiØ), stod midt i kampen under fusjonsforhandlingane med Høgskolen i Buskerud og Høgskolen i Vestfold. Det enda med at HiØ sa nei til fusjon, medan dei to andre slo seg saman. Eriksen seier demokratiet ved HiØ fungerte svært godt.

– Det er likevel nokre føresetnader som må vere på plass for at demokratiet skal fungere. Her ved høgskolen har vi framleis kollegiale organ, som til dømes avdelingsstyre. Mange framlegg blir behandla på det nivået, noko som gjer at tilsette kan få medverknad i viktige saker,

seier Eriksen, som den siste perioden også har sete i hovudstyret i Forskerforbundet.

Ho fortel at det i samband med fusjonssaka var grundige høyringsprosessar internt ved høgskolen.

– Både avdelingsstyra og organisasjonane har fått lov til å uttale seg ut frå sine perspektiv, og sakene vart godt belyste. Vi fekk også høve til å delta i utgreiingsarbeid internt. Det er viktig at slike prosessar går over tid, om det skal vere mogleg for tilsette å engasjere seg. Fordi vi fekk tid, fekk vi også alle fakta på bordet, og det var lettare å bestemme seg.

Avskaffar organ

Bjørn T. Berg, sjef i fagpolitisk avdeling i Forskerforbundet, seier det er ein generell trend at fleire høgskolar fjernar valde, demokratiske organ.

– Dermed mistar høgskolane og universiteta ein arena for medverknad, og prosessane blir meir lukka, seier Berg.

– I utgangspunktet hadde breiddeuniversiteta kollegiale organ både på fakultetsnivå og instituttnivå. Men dei siste åra har stadig fleire institusjonar avskaffa slike organ på instituttnivå, etter kvart også på fakultetsnivå. Kollegiale organ kan ha vedtaksrett, men ikkje nødvendigvis. Dei kan også bli erstatta av rådgjevande organ, seier Berg.

Den normale styringsordninga etter universitets- og høgskoleloven er vald rektor, som også er styreleiar, noko som gjev ei todelt leiing med rektor og direktør.

– Men det er ei generell utvikling at akademiske institusjonar søkjer å etterlikne leiingsideala i næringslivet med meir hierarkisk organisering. Dette er også eit ønske frå politisk hald. Men ved institusjonar som har innført einskapleg leiing med tilsett rektor og ekstern styreleiar, er vedtaksprosessane blitt meir lukka, og graden av medverknad frå dei tilsette er svekt.

– Ikkje tilsette som skal bestemme

Ingunn Elvekrok er tillitsvald for Forskerforbundet ved Høgskolen i Buskerud (HiBu), som nyleg har slått seg saman med Høgskolen i Vestfold. Ho meiner dei tilsette må ha tillit til leiinga og styret når det gjeld spørsmål om fusjon:

– Eg synest ikkje det er dei tilsette som skal bestemme i slike saker dersom det inneber å ta avgjerder ved demokratisk fleirtal. Det er viktig at dei tilsette får informasjon og at deira syn skal få kome fram, men dei kan ikkje vere med og bestemme alt mogleg som dei ikkje har kompetanse til. Under fusjonsforhandlingane var det snakk om å gjennomføre ei meningsmåling blant tilsette, slik dei gjorde ved Høgskolen i Østfold, men det vart ikkje gjort hos oss. Eg synest ikkje det var rett. Vi må ha tillit til at leiinga tek inn over seg dei synspunkta som kjem fram gjennom tillitsvalde, informasjonsmøte og avdelingsmøte.

– HiBu har i dag tilsett rektor, tilsett dekan og kollegialt organ berre på nivå 1. Kva har det hatt å seie for fusjonsprosessen?

– Vi har fått informasjon, og det er god kon-

– I styret var det fleirtal for fusjon, og leiinga såg det ikkje som naudsynt å lytte til signala frå fagmiljøa og dei tilsette.

BENNEDICHTE RAPPANA OLSEN, HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

– Vi vart lova at dei to høgskolane skulle bli likeverdige.

ELDBJØRG SCHÖN, HØGSKOLEN I OSLO OG AKERSHUS

takt mellom dei tillitsvalde og leiinga. Men vi håpar at den nye, samanslåtte institusjonen vil gje dei tilsette større medverknad enn i dag, for eksempel gjennom etablering av kollegiale organ på fakultets- eller avdelingsnivå og instituttnivå, seier Elvekrok.

– Berre mat for institutta

Ifølgje Berg i Forskerforbundet står rektor og styret uansett heilt fritt til å bestemme kor mykje dei vil involvere organisasjonane og dei tilsette, også i spørsmål om fusjonar.

– Sjølv om institusjonen har kollegiale organ, er det ingen garanti for at viktige saker blir behandla der. Men ved institusjonar der

slike organ er avskaffa, vil det vere mindre høve til å involvere dei tilsette i ei slik avgjerd.

I nord sit rektor Aarbakke og vonar at styret ved HiF vil seie ja til fusjon den 6. desember. Men kvifor slik hast?

– Andre institusjonar med fusjonsplanar har brukt tid på å lage utgreiingar?

– Ja, det er så. Men vi hadde ikkje funne ut noko som vi ikkje veit på førehand. I slike saker veit ein kvar problema ligg, og denne typen utgreiingar er heilt føreseielege, spør du meg. Det er god mat for forskingsinstitutta som får oppdraga, men det kjem ingenting ut av det, svarar Aarbakke. ■



– Det er ein generell trend at stadig fleire høgskolar avskaffar valde, demokratiske organ, seier Bjørn T. Berg i Forskerforbundet. (Foto: Linda Bournane Engelberth)

Bryr du deg om å påverke utviklinga ved institusjonen?



TORILL CHRISTINE LINDSTRØM
professor, Institutt for samfunnspsykologi, Universitetet i Bergen

– Ja, det gjer eg. Eg synest ikkje det er greitt at demokratiet ved universitetet blir pulverisert. Før hadde vi instituttstyre der vi gjorde vedtak, men i dag har vi berre rådgjevande instituttråd. Det synest eg ikkje noko om. Men vi slepp jo å gå i så mange møte som før.



EIVIND AADLAND
stipendiat, Avdeling for helsefag, Høgskulen i Sogn og Fjordane

– Eg er jo oppteken av å utvikle forsking og utdanningstilbod ved høgskolen. Men som stipendiat har eg meir enn nok med mi eiga boble. Institusjonen har nyleg vore gjennom ei stor organisatorisk endring, men eg engasjerte meg ikkje i dette arbeidet.



JESPER EGEMAR
førsteamanuensis ved Avdeling for informatikk og medieteknikk, Høgskolen i Gjøvik

– Ja det gjer eg, sjølv om eg ikkje har engasjert meg i utval eller slike ting. Eg har ei 20 prosent stilling her ved Gjøvik, og som grafisk designer er eg oppteken av utviklinga ved høgskolen innanfor dette fagområdet.

Styringsform ved universitet og høgskolar

Kollegiale organ:

- eit vald styre eller råd
- kan ha avgjerdsmynde, men ikkje nødvendigvis
- består av representantar for grupper av tilsette, studentar, eksterne medlemmer
- blir leidde av valde vitskapleg tilsette, eller av eksternt styremedlem

Nivå 1: institusjonsnivå. Hovudmodellen er todelt leiging: vald rektor er styreleiar og fagleg leiar, direktør er administrativ leiar. Alternativ modell er einskapleg leiging: tilsett rektor, som òg er administrativ leiar. Styreleiar er eksternt.

Nivå 2: fakultets- eller avdelingsnivå

Nivå 3: instituttnivå

Nivå 2 og 3 har eit stort spenn av løysingar, frå vald leiar med styre og råd, til tilsett leiar utan styre og råd.

Kjelde: Oversikt over styringsform ved statlege universiteter og høgskolar. Forskerforbundets skriftserie nr. 1/2011

STORBRITANNIA

For få akademikere

■ Storbritannia er på vei mot et akademisk under-skudd og en tidsinnstilt bombe for den sosiale mobiliteten. Advarselen kommer i en ny rapport fra kommisjonen for høyere utdanning. Den advarer mot at økte studieavgifter og studie-lånsbegrensninger fra banker gir færre mulighet til å ta høyere utdanning. Samtidig er utdanning på mastergradsnivå i ferd med å bli den nye normen i arbeidslivet. Dette kan ifølge rapporten føre til større klasse-skiller og for få kandidater til arbeidsmarkedet. Bemanningen ved universitetene kan også bli skadelidende.

INDIA

Ser til Kina

■ Det indiske utdannings-systemet er ikke i stand til å produsere kandidatene som indisk arbeidsliv trenger. Det hevder den indiske utdanningsministeren, ifølge The Hindu. – Hovedproblemet med vår utdanningspolitikk er at den ikke har fulgt med i tiden. Mens land i Midtøsten og Kina strekker seg langt for å få utenlandske universiteter til å etablere institusjoner i sine land, har India avvist mange akademiske friere de siste årene, sa Shashi Tharoor. Regjeringen ønsker nå å bedre utdanningssystemet og etablere 50 nye forsknings-sentre.



VERDEN

Tidsskrifter mister innflytelse

■ Ifølge en studie publisert i Journal of the American Society for Information Science and Technology har innflytelsen til de store vitenskapelige tidsskriftene sunket de siste tjue årene. Mens nær halvparten av de fem prosent mest siterte artiklene i 1990 ble publisert i de fem prosent mest innflytelsesrike tidsskriftene, er andelen nede i 36 prosent i 2009. Utbredelsen av søkemotorer på internett oppgis som mulig forklaring, skriver The Scientist.



EUROPA

Advarer mot kutt

■ Daglig signerer flere tusen personer oppropet for å beskytte EUs forsknings- og utdanningsinvesteringer, skriver University World News. EU jobber nå med budsjettet for 2014 til 2020, hvor også budsjettet til forskningsprogrammet Horizon 2020 og Erasmus-programmet skal fastsettes. I et åpent brev til EUs statsledere advarer 44 nobelpristakere og Field-medalister mot å kutte i forskning og utdanning. Da Forskerforum gikk i trykken, hadde over 140 000 signert oppropet, deriblant over 900 nordmenn.

KINA

Forskere styrer unna

■ Kina frister få internasjonale forskere, skriver The Australian. Ifølge en verdensomspennende spørreundersøkelse blant 17 000 forskere, presentert i Nature, kan kun åtte prosent tenke seg å flytte til Kina. Samtidig mener 59 prosent at Kina vil bli den viktigste forskningsstormakten innen 2020. Heller ikke India eller Afrika er tiltrekkende for mer enn ti prosent av forskerne. Autoritært styre, begrenset frihet og rigid byråkrati bidrar til vegringen. Faktorer som øker mobiliteten, er karrieremuligheter, sterke forskningsmiljøer og gode finansieringssystemer.

NORDEN

Kompenserer studentstrømmen

■ Det nordiske ministerrådet har undertegnet en ny avtale om kompensasjon for studenter som studerer i et annet nordisk land enn sitt hjemland. Avtalen er kommet i stand etter at Danmark har klaget over at landet tar imot en uproporsjonalt høy andel studenter fra nabolandene. Nå skal det kompenseres for hver utvekslingsstudent til Danmark med 30 000 danske kroner fra 2014, mot 22 000 i dag. Beløpet skal siden indeksreguleres.



DANMARK

Ansatte mot kjønnskvoteing

■ Vitenskapelig ansatte i Danmark er mot kjønnskvoteing til tross for lav andel fast ansatte kvinner, skriver danske Forskerforum. Ifølge FORSKERundersøgelsen 2012 er kun en tredjedel av universitetenes 8 500 faste vitenskapelig ansatte kvinner. Halvparten av de kvinnelige ansatte mener dette er et problem, og en tredjedel mener det bør løses med kjønnskvoteing. Blant mennene mener kun en fjerdedel at det er et problem og ti prosent at kvoteing er løsningen.

AUSTRALIA

Legger Asia-plan

■ Australias føderale regjering har lagt frem en omfattende plan for forholdet til og samarbeidet med asiatiske naboland de neste 13 årene. Planen skal være et svar på utfordringene og mulighetene Asias fremgang fører til for Australia. Et sentralt element i planen er en storstilt satsing på landets universiteter. Ifølge planen skal ti australske universiteter være blant verdens 100 beste, og asiatiske studier skal bli obligatorisk pensum.

AUSTRALIA

Sjokkerende kutt

■ Australske universitetsrektorer reagerer med vantrø på regjeringens uventede kuttplaner, skriver University World News. De neste fem årene skal utgiftene til høyere utdanning kuttes med tilsvarende ca. seks milliarder kroner. Ifølge rektor ved University of New South Wales, som leder en samling av åtte forskningsintensive universiteter, innebærer kuttene at 1450 vitenskapelig ansatte blir oppsagt. Kuttene kommer som et svar på for høye utgifter etter at regjeringen for et par år siden tillot ubegrenset inntak av studenter.

ITALIA

Forskere drapsdømt

■ Forskere verden over reagerer med vantrø på dommen som har falt mot seks italienske jordskjelv eksperter. Seismologene er nylig blitt dømt for uaktsomt drap for ikke å ha advart tilstrekkelig mot jordskjelvet som drepte 308 i byen L'Aquila i 2009. Seismologene hadde konkludert med at et større jordskjelv i byen var usannsynlig, men ikke umulig. Ifølge nyhetsbyrået Reuters protesterer flere forskere i Europa og USA mot det de kaller en bisarr dom, som kan føre til frykt blant eksperter mot å uttale seg om naturfenomener.



STORBRITANNIA

– Eliteinstitusjoner får alt

■ En stadig større andel av Storbritannias forskningsmidler fordeles til eliteinstitusjonene, og det truer mindre institusjoner, skriver The Guardian. De siste årene har det skjedd en klar endring i forskningsrådenes finansiering av doktorgradsutdanningene. Flere midler kanaliseres til særskilte forskerskoler innenfor de største universitetene. Samtidig vil regjeringen finansiere mer forskning på bakgrunn av resultater fra doktorgradsutdanningene. Flere mindre universiteter er redde for at det skal føre til at andre finansieringskilder også trekker seg.



RUSSLAND

– Ineffektive høyskoler

■ Ifølge et reformprogram lansert av president Vladimir Putin i sommer skal antallet høyskoler og universiteter reduseres og kvaliteten heves. Nå har departementet for utdanning og forskning uttalt at en stor andel av de statlige institusjonene er ineffektive, til stor uro og protester i sektoren. Ifølge nyhetsbyrået Itar-Tass er 136 av 541 institusjoner og 450 av 994 underinstitusjoner «svartelistet», hvorav mange regnes som vellykkede og anerkjente. Det er foreløpig ikke konkludert hva som skal skje med institusjonene.



INDONESIA

Styrket britisk samarbeid

■ Britiske og indonesiske myndigheter har inngått en samarbeidsavtale for høyere utdanning, melder det britiske nærings- og innovasjonsdepartementet. Samarbeidsavtalen skal bidra til økt studentmobilitet og kunnskapsoverføring mellom de to landene. Avtalen innebærer åtte partnerskap mellom britiske og indonesiske institusjoner og et nytt stipendprogram som årlig skal gi 150 indonesiske doktorgradsstudenter studiemuligheter i Storbritannia.

VERDEN

Wikipedia får godkjent

■ En vitenskapelig undersøkelse som har sammenlignet Wikipedia med Encyclopedia Britannica, har gitt uventede resultater. Det brukerdrevne nettleksikonet kommer bedre ut enn det tradisjonelle oppslagsverket når det gjelder informasjon om psykisk sykdom, ifølge Forskning.no. Undersøkelsen ble publisert i tidsskriftet Psychological Medicine og viste også at Wikipedia var bedre enn en kjent lærebok i psykiatri. Ekspertpanelet som vurderte oppslagsverkene, mente at Wikipedias tekster var de mest presise, mest oppdaterte og hadde de beste kildehenvisningene.





KAOSPILOTEN

TERJE ALSVIK WALLØE | SAMTALE MED PER ANDERS TODAL
FOTO: ERIK NORRUD

Det meste er styrt av naturlover, også dette: Alle intervju med statsmeteorolog Terje Alsvik Walløe¹ må innom barndommen hans.

– *Myten seier at du laga vêrstatistikk som ti- eller tolvåring. Alderen varierer med kjeldene.*

– Eg trur det starta da eg var tolv. Eg førte statistikk over nedbør, temperatur og vêr kvar dag, bortsett frå når vi var på ferie.

Unge Walløe hadde ein nedbørsmålar i hagen. Gjennomsiktige plastbeger har følgt han gjennom livet.

– Vi må framleis tømme ein målar utanfor instituttet her morgon og kveld. Men det er ikkje eg som gjer det no.

– *Var du interessert i empirien i seg sjølv som tolvåring, eller ville du bruke fortida til å spå om framtida?*

– Eg trur eg var interessert i tala i seg sjølve, ei kvantifisering av vêret. Tala lét meg samanlikne år med kvarandre og rekne ut gjennomsnitt. Og det var spennande å sjå om det vart rekordar. Men eg stolte på vêrmeldingane, altså. I Sarpsborg fekk vi inn både dei svenske og norske.

– *Kven var best?*

– Dei svenske meteorologane verka meir proffe. På NRK var dei meir stivbeinte, med denne trommelen og med symbola som datt ned stadig vekk.

– *Bananar med dårlege magnetar!*

– Ja, dei deisa alltid i golvet. Eg følte at Sverige var litt forut for oss på den tida. Men det føler eg ikkje lenger, altså.

Historisk sett har norsk meteorologi mykje å skryte av. Pioneer Vilhelm Bjerknes definerte i 1903 vêrvarsling som eit fysisk og matematisk problem. Han oppsummerte «den rasjonelle løsningen på problemet vêrvarsling» i to punkt: «1. Man må med tilstrekkelig nøyaktighet kjenne atmosfærens tilstand ved et bestemt tidspunkt. 2. Man må med tilstrekkelig nøyaktighet kjenne lovene som styrer utviklingen av atmosfæren fra en tilstand til den neste.»²

– *Kor manglar faget mest på å oppfylle ambisjonen: i kunnskap om tilstanden i atmosfæren, eller i kjennskap til lovene?*

– Det manglar nok litt på bae felta. Vi skjønner lovene for vêrutviklinga ganske bra, og vi veit òg ganske mykje om tilstanden i atmosfæren til kvar ei tid. Men atmosfæren har ein kaotisk natur som gjer at vi aldri får per-

fekte vêrvarsel. Det vi driv med, er ei slags sannsynsrekning, seier Walløe.

– Kunnskapen om atmosfæren har vakse enormt dei siste åra. Vi måler veldig mange stader: på bakken, i sjøen, frå ballongar, satellittar og fly. Men vi kan ikkje måle kvar kubikkcentimeter i rommet, difor er det uvisse i analysen. Og om vi berre endrar analysen litt, blir endringane i prognosane raskt veldig store.

– *Dette er eit felt der omgrepet «sommarfugleffekt» faktisk har noko for seg?*

– Ja, i meteorologien heng alt saman med alt, og ei lita endring forplantar seg veldig langt. Astrofysikarane har det lettare: Dei kan rekne ut at på søndag om hundre år vil sola stå opp 08.15. Også vêret er jo styrt av naturlover, men det er mykje vanskelegare å berekne.

– *Kva om de hadde perfekt informasjon om tilstanden i heile atmosfæren?*

– Da ville i alle fall vêrvarsla vore betre enn i dag, seier Walløe og ler.

– Men det er òg andre avgrensingar.

Datamaskinene har avgrensa kapasitet, du kan ikkje rekne ut vêret for kvar kvadratmeter. I dag klarer dei å lage vêrvarsel med fire kilometers oppløysing for det komande døgnet. Dei detaljerte varsla på Yr.no, der du kan finne vêrvarsel for gata di, er berre ein gimmick.

Det blir stilt større krav til vêrvarsla enn før, meiner Walløe.

– Du kan ikkje berre seie at vêret blir «omtrent slik» på Austlandet i morgon. No skal ein ha vêrvarsel for kvar time alle stader. Men da blir òg veiskapane meir synlege.

– *Ein illusorisk presisjon.*

– Ja, det er det. Vi kan jo ikkje tilby betre enn fire kilometers oppløysing.

– *Er det eit problem at folk trur på den tilsynelatande presisjonen på Yr?*

– Ja, det trur eg. I alle fall om dei berre ser på symbola. Å varsle sommarbyene er spesielt vanskeleg. Vi veit at dei kjem, men ikkje nøyaktig kor eller når. Det er som når du varmar opp ei gryte med vatn: Du veit at det vil byrje å boble, men ikkje nøyaktig kor kvar boble vil kome.

Her er òg omsetjingsproblem. Yr-sjef Jørn Kristiansen har oppsummert det slik: «Selv et perfekt varsel kan bli totalt verdiløst når det oversettes fra en korrekt matematisk beregning til symbol.»³

– Det er eit dilemma, for folk vil jo gjerne ha enkle løysingar, seier Walløe.

– På Yr er det lagt inn skravering som viser kor usikkert varselet er, men eg veit ikkje kor mange som skjønner eller bryr seg om det.

– *Kvifor er sommarvêret vanskelegare å varsle?*

– Vintervêret er prega av større fenomen: tydelege kaldfrontar, store vêrsystem, store lågtrykk. På sommaren er vêrsystema slappare og mindre tydelege. Vêret er meir prega av soloppvarminga, og topografien får meir å seie. Det er veldig vanskeleg å treffe med detaljane om sommaren.

1 Terje Alsvik Walløe er statsmeteorolog ved vêrvarslingsavdelinga til Meteorologisk institutt på Blindern, og lagar vêrmeldingar for NRK. Han er fødd i 1969 og kjem frå Sarpsborg. Walløe er cand.scient. med hovudfag i meteorologi frå Universitetet i Oslo i 1998.

2 Fysikaren Vilhelm Frimann Koren Bjerknes presenterte dei banebrytande tankane sine om vêrvarsling i ein tale i Fysikersamfundet i Stockholm i 1903, og året etter i den vitskaplege artikkelen *Das Problem der Wettervorhersage betrachtet vom Standpunkte der Mechanik und der Physik*. Bjerknes vart seinare grunnleggjar av den såkalla Bergenssskulen i meteorologien.

3 Intervju på Yr.no, 20. oktober 2010.



Vêrvarsling er på ei og same tid ein svært nasjonal og svært internasjonal disiplin, meiner Walløe.

– Alle land har si nasjonale vêrteneste, og eg vil tru det er nasjonale særtrekk i metodikken, men eg veit lite om korleis dei gjer det i andre land. Samtidig blir data og observasjonar delte vederlagsfritt mellom dei meteorologiske institutta. Alle er avhengige av hjelp frå andre, vêret flyttar jo på seg.

Navet i europeisk vêrvarsling er eit stort vêrsenter i Reading i Storbritannia. 34 land er med og finansierer senteret, som lagar langtidvarsel for heile Europa.⁴

– Senteret har datamaskiner som fyller store salar. Slik datakraft har ikkje kvart einskilt land råd til. Derifrå kjem det prognosar fleire gonger dagleg, og dei som ligg til grunn for mellom anna dei norske vêrvarsla.

– *Kva om det kjem virus på harddisken i Reading?*

– Da er det mange som slit. Eventuelle feil derifrå vil forplante seg over heile verda. Men eg har aldri opplevd at vi ikkje har fått data derifrå når vi skal.

Materialet frå England blir omarbeidd vidare i Noreg. Prognosane må stadig sjekkast opp mot røyndomen. Og sjølv om den daglege vêr-

– Dei detaljerte varsla på Yr.no, der du kan finne vêrvarsel for gata di, er berre ein gimmick.

meldinga byggjer på globalt lagarbeid, hundretusenvis av målingar og massiv datakraft, er det framleis ein jobb å gjere for Walløe og kollegaene.

– Vêrvarslinga i Tromsø, Bergen og Oslo lagar korte varsel for kvar landsdel. Så må eg setje meg inn i prognosane og annan informasjon, sy saman stoffet og gjere det til mitt eige, og tilpasse varselet til dei ulike formata våre, seier Walløe.

Her kjem den menneskelege faktoren inn.

– Det er jo redigering og tolking vi driv med, og kvar av oss gjer det litt ulikt. Det har noko å seie kven som legg fram vêrmeldinga. I måtane vi tolkar data og

ordlegg oss på skin personlegdomen litt gjennom.

– *Optimisme og pessimisme?*

– Ja, slikt kan spele ei rolle. Skal du leggje mest vekt på regnbya som kanskje kjem, eller på sjansane for at det blir ganske fint?

– *Kven er mest optimistisk av dykk?*

– Det vil eg ikkje røpe. Men det er fint at det er rom for personlegdom i dette yrket.

Uvissa i meteorologien blir sett på spissen i handteringa av ekstremvêr. Når skal ein slå alarm? 6. august i år var det «Frida» som skapte tvil: Svært fuktig luft kom inn mot Sør-Noreg. Meteorologisk institutt sende ut ekstremvarsel og åtvara om 100 millimeter nedbør i Agder-fylka og fare for oversvømming og jordskred.

⁴ European Centre for Medium-Range Weather Forecasts (ECMWF) vart grunnlagd i 1975, og har 19 medlemsland og 15 samarbeidsland i Europa og Nord-Afrika. Senteret har verdas største samling av vêrdata.



Vêrmeldinga byggjer på datagenererte prognosar og eit stort lagarbeid. Men Terje Alsvik Walløe må framleis tolke og redigere materialet for kvart vêrvarsel han skal presentere.

– Prognosen tilsa veldig kraftig nedbør på Sørøstlandet, og ekstremt mykje i mindre område. Vi var svært usikre på kor det ville kome, men det såg ut til at Sørlandet var mest utsett. Og mengdene kunne bli så store at vi konkluderte: OK, vi sender ut ekstremvarsel.

Men varselet bomma. På Sørlandet regna det mindre enn venta, medan delar av Buskerud fekk ekstremnedbør og store flaumskader.

– Det er veldig sjeldan vi sender ut ekstremvarsel for nedbør, fordi det er så vanskeleg å treffe presist. Det gjeld særleg byenedbør på sommaren, som kan råke veldig avgrensa område. Slik nedbør kan ein nesten ikkje varsle sikkert før han er i gang. Etter «Frida» har vi hatt diskusjonar om det var rett med ekstremvarsel i ein så usikker situasjon, seier Walløe.

– Det er mykje lettare å varsle ekstreme vindepisodar. Før «Dagmar» kom sist vinter, var vi sikre på at det ville bli veldig mykje vind. Der treffe prognosane ganske bra.

Rutinane for ekstremvarsel kom etter nyttårsorkanen på Nordvestlandet i 1992, eit uvêr som tok svært mange på senga.

– Etter dette vart det laga eit system for å varsle ekstreme vêrfenomen meir effektivt. Ein del av dette er å gje uvêra namn.

– *Kor god tid har de til å vite om de skal trykke på den røde knappen?*

– Med nedbør kan det vere veldig kort tid. Lågtrykk som lagar verkeleg sterk vind, byggjer seg opp over lengre tid. Men vi sender sjeldan ut ekstremvarsel meir enn eit par dagar i førevegen. Om vi sender ut for mange, misser folk respekten for dei.

– *Korleis døyper de desse uvêra?*

– Namna står på ei liste som ligg i ein skuff. Men vi går aldri ut med

namnet før situasjonen er der, da øydelegg du jo effekten. Eg veit ikkje sjølv kva det neste namnet blir. Men sidan «Frida» var det siste, blir det neste eit gutenamn på G. Eg håpar det blir lenge til.

Sjølv om vêret i blant blir verre enn varsla, har det aldri blitt retta erstatningskrav mot Meteorologisk institutt.

– Heldigvis, får eg seie. Folk har forståing for at dette er vanskeleg og at vi gjer så godt vi kan. Og vi er som regel på toppen i omdøme blant offentlege etatar. Folk har tiltru til oss sjølv om vi bommar av og til, seier Walløe.

Ein kan sjå på vêrvarslinga som den største forskingsformidlinga i Noreg: Raffinerte resultat av avansert, global vitskap, leverte gjennom heile døgnet. Walløe er medlem og lokallagsleiar i Forskerforbundet, men kallar seg ikkje forskar sjølv.

– Men vi har ei ganske stor forskingsavdeling ved instituttet. Det er ein del grunnforskning kring prognosemodellane og vêrvarslingsmodellane, mellom anna for å bli meir treffsikre på dei store nedbørsepisodane.

Det skjer òg ein god del klimaforskning på Meteorologisk institutt. Men klimaendringane spelar lita rolle for kvardagen til Walløe.

– Den naturlege variasjonen på våre breiddegradar er så stor, frå år til år og veke til veke, at vi ikkje eigentleg merkar at klimaet endrar seg. I Noreg er det vanskeleg å vite kva som er normalt. Sidan 1990 har det rett nok vore overvekt av milde vintrar, og vi har registrert ein viss auke i nedbøren. Men det har ikkje eigentleg konsekvensar for vêrmeldinga, seier Walløe.

– Vi ser ingen tendens til kraftigare eller fleire stormar i Noreg. Det er ikkje gjeve at klimaendringane vil gje meir uvêr i Noreg. Om nordområda blir varma opp meir enn resten av verda, blir temperaturkontrastane mindre, så lågtrykka over Noreg kan faktisk bli svakare.

Få blir lytta til med like stor intensitet som meteorologane. Vi blundar når statsministeren blir intervjuet. Men når vêrmeldinga kjem, skjerpar vi oss. Walløe er medviten om ansvaret som følgjer jobben.

– Eg kjenner ei plikt til å gjere mitt beste innanfor dei rammene vi har. Det finaste er lengre intervju på lokalsendingane, der vi kan fortelje meir detaljert om korleis vêret blir, og kor uvisse ligg. Men alle landsdelar skal ha sitt. Sjølv om det er storm på Vestlandet, må du ha med Finnmark òg.

– *Det er mykje nasjonsbygging i vêrmeldinga.*

– Ja, verkeleg. Vêrkartet er ei dagleg påminning om kva land vi bur i, det er ikkje mange andre situasjonar der du ser heile landet. Folk ser stadnamn som dei elles ikkje har noko forhold til. Vêrkartet fortel deg kor Hammerfest ligg.

Walløe smiler lurt.

– Det er ein del stader som kjempar for å kome på vêrkartet til Dagsrevyen. Somme synest det er urettvist at nabobyen er på kartet og ikkje dei sjølv. Men vi har ingen ledige plassar.

Det er streikane som lærer oss kor viktig eit yrke er. For Forskerforbundet er meteorologane gull verd: Ei høgt akta yrkesgruppe som blir sakna med ein gong dei forsvinn. Terje Alsvik Walløe var streikeleiar sist mai, da vêrvarslingsavdelinga på Meteorologisk institutt og Vêrvarslinga på Vestlandet vart tekne ut i streik.

– *Kor mykje kan de streike på forsvarleg vis?*

